

MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS

Org. nr. 974371855

Fotlandsvegen 39

5282 LONEVÅG

Tlf. 56193140

17.04.2023

OSTERØY KOMMUNE

Teknisk forvaltning

5282 LONEVÅG

GNR. 96 BNR. 24 - SØKNAD OM TILLATELSE TIL TILTAK

Vedlagt er «Søknad om tillatelse til tiltak» for avlaupsanlegg for gnr. 96 bnr. 24.

Bakgrunn.

Eigedomen er ikkje registrert med godkjent avlaupsanlegg og det er no gitt pålegg om å søkje om utsleppsløyve.

Me har vore på synfaring med tiltakshavar og prøvd å finne ut korleis eksisterande avlaup er. Konklusjonen er at det ikkje er slamavskiljar tilhøyrande eigedomen og avlaupet går idag ureinsa ut i fylling. Naboar, som me har vore i kontakt med, har ikkje registrert forureining.

Tiltakshavar ønskjer ei midlertidig løysing fram til nytt va-anlegg vert lagt i veg i samband med utbygging av "Holmane Næring Fotlandsvåg". Skal ein følgja «Lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg for Osterøy kommune» vil det verta eit svært dyrt anlegg som berre vil vare nokre få år.

Planen no er å etablere ein 4 m³ slamavskiljar og avlaupsvatnet frå slamavskiljaren vil gå i den same traséen som ureinsa avlaup går i dag.

Type anlegg: BiaMiljø Slamavskiller SL-43. Vedlagt er informasjon om anlegget, Q1

Planstatus

Arealet er registrert som bustadområde og grensar til ny reguleringsplan for Holmane Næring Fotlandsvåg.

Nabovarsel

Naboar er varsla og det er ikkje kome inn negative merknader. Tilbakemeldingar er som vedlegg C 2 – C5.

Dispensasjon

Det er sendt søknad om dispensasjon til Vestland Fylkeskommune, via nettportal. Den vart sendt direkte vidare til Osterøy kommune. Den skal no vera sendt tilbake til Vestland Fylkeskommune for handsaming.

Med venleg helsing

MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS

Tore Stokke

